



Vaksdal kommune

## MØTEINNKALLING VALUTVAL

**Møtedato:** 29.10.2019  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 08:00 - 09:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost [lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no](mailto:lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no)

Valutvalet gjennomfører møter før folkevaltopplæringa både mandag 28.10 og tysdag 30.10. 2019

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
03/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
04/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
05/2019	VAL TIL UTVAL, RÅD, NEMNDER M.M. FOR PERIODEN 2019-2023

28. oktober 2019

Kjartan Haugsnes  
Leiar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2019	Valutval	PS	29.10.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	19/1181

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2019	Valutval	PS	29.10.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	19/1181

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

**Vedlegg:**

Protokoll - Valutval - 21.10.2019

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL VALUTVAL

**Møtedato:** 21.10.2019  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

**Møtedeltakarar:**

Medlemmer	Parti	Rolle
Kjartan Haugsnes	SV	Utvalseiar
Arne Normann	KRF	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem

---

**Andre møtande:**

Lin Tove Thomassen

---

### Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2019	DRØFTINGAR - GJENNOMGANG AV DOKUMENTET UTVAL, RÅD OG NEMNDER 2019-2023



**01/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Valutval 21.10.2019**

**Behandling:**

**VALU - sak 01/2019 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2019: DRØFTINGAR - GJENNOMGANG AV DOKUMENTET UTVAL, RÅD OG NEMNDER 2019-2023**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Valutval 21.10.2019**

**Behandling:**

Innleiing frå utvalsleiar:

Det er eit mål at dei 21 medlemmene i Kommunestyret skal sitje to stader. For å få kabalen til å gå opp med to roller per medlem gir dette utslag i at kandidat nr. 21 vert leiar for ombudsutvalet. Det er eit ønskje om ein strammare struktur i ombudsutvalet, med hyppigare møter. Formål med utvalet er korleis vi skal ha det i kommunestyret.

**Informasjon om Utval for bygdeutvikling**

Utvalet skal ha 5 medlemmer. Utvalet skal setjast saman på lik linje som levekårsutvalet med gjennomgåande representasjon. Opposisjonen skal ha to i dette organet. Utvalet skal vere operativ frå februar neste år, men medlemene skal veljast 4. november. Kommunestyret må behandle sak om etablering av nytt utval. Før utvalet kan iverksette sitt mandat må delegasjonsreglement m.m. oppdaterast. Saker som t.d. skal handsamast i utvalet er trafikksikring.

I dagens møte ser vi på alle utvala m.m. som skal veljast til kommunestyremøtet 4.11.19. Andre nemnder utval som skal veljast i 2020, vert handsama i eit nytt møte i januar 2020.

Medlemmene i valutvalet skal sjekke med sine kandidater om dei ønskjer å stille til val. Kandidatane sender sms/e-post til leiar for utvalet.



## Vaksdal kommune

Datoar for dei neste møta er:

**28.10. og 29.10 kl 08.00-09.00.**

Vi startar og slutter før folkevaltopplæringa.

### **Forslag til kandidater for utval, nemnder, styrer og råd 2019-2023:**

#### **AO senteret:**

Boris Groth - FRP - vara Kim Gregersen - H

Magne Hestad - AP - vara Lisa Johnsen Lunde - AP

Frøydis Gullbrå - KRF - vara Ivar R. Bergo (sagt ok)- SP

Evelyn Boge SV- vara Evy Kvamme - SV

#### **Administrasjonsutval :**

Formannskapetets medlemmer med vara, i tillegg til 3 frå administrasjonen.

#### **AMU:**

Frå rådmannen:

#### ***"Notat vedkomande samansetjing av arbeidsmiljøutvalet (AMU)***

*AMU er heimla i arbeidsmiljølova kap. 7, men har ingen krav til politisk representasjon. Som konsekvens av lovfestinga av rådmann sitt totale personalansvar (kommunelova § 9-12) er tilrådinga at administrative representantar vert valde som arbeidsgjevarrepresentantar.*

*Av kommunane rundt oss som har valt nye representantar har vi kjennskap til at administrative representantar er valt. Fleire skal velge seinare. Desse er sjekka: Fedje, Austrheim, Vaksdal, Osterøy, Bjørnafjorden, Masfjorden, Ulvik, Modalen, Voss, Radøy, Bømlo og Odda."*

Valutvalet utset behandling av denne saka og vurderer om tal som politisk representant skal reduserast til 1. Utvalsleiar tek saka vidare med ordførar.

#### **Barn sine interesser i planlegginga:**

Valutvalet er usikker på om funksjonen har fungert optimalt med kommunalsjef oppvekst i føregående periode. Valutvalet ønskjer ein tilsett i kommunen som arbeider innanfor området, i tillegg til å inneha politisk bakgrunn.

Trond Olav Magnussen -H - vara Line Eide Vik - Sp

#### **BOF:**

Renate Vik -SP - vara Ole Anders Brekklus AP

#### **Bergsdalen jordbruksfond:**

Utsett til neste møte, administrasjonen må kartleggast meir. Kan midlane ha blitt overført til eit anna fond? Rekneskapen må sjekkast. Dersom det ikkje er midlar tilgjengelig, så må administrasjonen legge fram eit notat om at dette utgår.

Kjetil Rødland eller Roald Brekke kan ha nyttig informasjon om fondet.

#### **BIR:**

Ordførar - vara varaordførar



## Vaksdal kommune

### **BIR klagenemnd**

Arne Normann -KRF

### **BKK - ok**

### **Driftsassistanse**

Til neste møte skal adm. ha kome opp med to namn. (Komm. sjef sam. utv.)

### **Eldreråd**

Sigmund Simmenes ønsker ikkje attval, men stiller dersom det var behov for det.

Administrasjonen må sende ut førespurnad til pensjonistlaga på Dale og Vaksdal og få inn namn på kandidater, med frist 3. november.

### **Politikarar:**

Heidi Rongved AP- vara Eirik Haga AP

Mona Grenasberg - vara Karin Groth FRP

### **Landbruksfondet**

SP legg fram ein kandidat til neste møtet.

Vara - Arne Normann KRF

Administrasjonen får spørsmål om å finna dei to andre representantane. Landbruk må høyre med nokon som er aktive i landbruket.

### **Forum nye Bergensbanen**

Varaordfører - vara ordfører

### **Heimavernsnemnd**

Utvalet vurderer å foreta attval av dei same representantane. Administrasjonen må kartlegge omfang og møtesekvens og gje tilbakemelding til utvalet til neste møte.

### **IKTNH**

Ordfører

### **IKAH**

Administrasjonen peiker ut medlem og varamedlem og tek det med til neste møte.

### **Akutt forureining**

Ordfører- vara varaordfører

### **Klagenemnd**

Britt Brudvik - AP - leiar og vara Heidi Rongved AP

Arne Normann - KRF - vara Karin Groth FRP

Karin Norheim - SP - nestleiar (svart ok) - vara Line Kydland - SV

Opposisjonen har leiar i klagenemnd. I samband med oppdatering av delegasjonsreglementet ønsker valutvalet at ein ser på ordninga med klagenemnd



## **Konfliktråd**

Utvalet ønskjer tilbakemelding frå rådmannen. Kan det vere fornuftig at det er rådmannen som fungerer som representant i dette utvalet? Utvalet ønsker rådmannen sitt synspunkt til neste møte.

## **Kyrkjeleg fellesråd**

Ordførar - vara Erlend Hesjedal- Johanessen -H

## **Levekårsutvalet**

Vert valt 4. november som forholdsval.

## **LVK**

Ordførar - vara Magne Hestad - AP

varaordførar - vara Boris Groth - FRP

## **Modalen Eksingedalen Billag**

Ordførar er representant til generalforsamling

vara: varaordførar

## **Mysterfondet**

Førespurnad om nokon ønskjer attval. Administrasjonen må ta kontakt med medlemmer med spørsmål om dei ønsker attval, eller om dei har forslag til andre og gjev tilbakemelding til utvalet.

Namn: Knut Eirik Møster

## **Ombodsutval**

Innstilling til KS frå valutvalet:

Det er ønskjeleg med breidde, slik at flest mogleg parti vert representert i ombodsutvalet. Med 6 parti og 5 medlemmer ønsker ein å ta inn medlemmer ut frå partistorleik i valresultat. KRF ønsker å bli kalla inn med møte og talerett som 1. vara, men då utan stemmerett.

Val av leiar er gjort ut frå det utvalsleiar innleiingsvis informerte om.

AP: Ståle Hesjedal - nestleiar

SP: Line Eide Vik - leiar

SV: Evy Kvamme

H: Trond Olav Magnussen

FRP: Borris Groth

1. vara - KRF: Arne Normann -

2. vara - AP: Lisa Lunde Johnsen -

3. vara - SP: Renathe Vik

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Administrasjonen må ta kontakt med dei ulike organa for å få innspel.

Evy Kvamme - SV- nestleiar

Ole Anders Brekklus - AP- leiar

Anne Christin sjekkar med Ole Anders om han kan vere leiar.

1. vara Britt Brudvik -AP

2. vara Frøydis Gullbrå - KRF

3. vara Borris Groth -FRP

4. vara Renathe Vik - SP





## Vaksdal kommune

### **Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt**

Amalie Lunde Johnsen - H

Mona Grenasberg - SV

Ståle Hesjedal - AP

Sjekk med administrasjonen om det er behov for varamedlemmer. Utvalet la likevel inn namn.

Vara:

1. vara Karin/Boris Groth - FRP

2. vara H

3. vara Roald Arne Kvamme - SV

### **Sakkunnig ankenemnd for eigedomsskatt**

SV tek kontakt med Evelyn Boge og administrasjonen spør Terje Geithus om dei ønskjer attval. Erstatning for Helge Risnes. Ann Kristin undersøker om AP har ein fast kandidat.

1. vara SP

2. vara H

3. vara AP

### **Samarbeidsutval for grunnskulane:**

#### **Eksingedalen skule:**

Ivar R Bergo - SP(sagt ok), vara: Frøydis Gullbrå - KRF

#### **Dale barne- og usk.:**

Borris Groth - FRP - vara Magne Hestad - AP

#### **Stamnes skule:**

Arne Normann - KRF -vara Amalie Johnsen Lunde

#### **Stanghelle skule:**

Trond Olav Magnussen H - vara Roald Arne Kvamme SV

### **Vaksdal:**

Line Kydland SV og vara Kjartan Haugsdal SV

### **Samarbeidsutval for barnehagane**

#### **Dale/Stamnes barnehage:**

Renathe Vik SP - vara Karin Groth FRP

#### **Stanghelle barnehage:**

Farah Masry AP - vara mann frå H

### **Vaksdal barnehage:**

Lisa Lunde Johnsen AP - vara Kjartan Haugsnes SV

### **Stamvegutvalet:**

Ordfører - vara varaordfører



## Vaksdal kommune

### **Ungdomsråd:**

Valutvalet ønsker at det skal vere ein representant frå Eksingedalen skule, så sant det er elevar i den gruppa. Dette bør vurderast i vedtektene.

### **Vaksdal næringssselskap:**

Amalie Johnsen Lunde - H

Ståle Hesjedal - AP

SP/ SV finn ein eigna kandidat

1. vara Ole Anders Brekkhus - AP
2. vara Karin Groth FRP
3. vara Erlend Hesjedal-Johannesen H

### **Vaksdal senter:**

Valutvalet ønskjer ordførar som representant

### **Valstyret:**

Valutvalet ønskjer at formannskapet er valstyret

### **Røystestyret:**

Kan veljast av valstyret under valgjennomføringa.

### **Vassregionutval og vassområdeutval:**

Ordførar - vara varaordførar

### **Villreinnemnda for fjellheimen og viltfondstyret**

SP tar ansvar for å sjekke ut til neste gong.

Valutvalet ønsker å sjekke ut om det er fordelar med å ha ein representant som er medlem i både viltfond og nemnd.

### **Generelt**

Valutvalet ønskjer eit seminar vedkomande LVK. Seminaret bør gjennomførast før nyttår, gjerne i samband med gjennomføring av kommunestyremøtet 4. november. Seminaret skal omhandle LVK. ca 1 t. med historikk, kva LVK betyr for Vaksdal kommune og kva må vi passe på? Seminaret kan gjerne innehalde informasjon om andre utval i tillegg.

Valutvalet tek kontakt med dei ulike kandidatane for å høyre om dei er seier seg villig til å bli valt. Partia finn nye kandidatar til verv som per no ikkje er dekkja.

Administrasjonen kjem med tilbakemelding på diverse punkt.

### **VALU - sak 02/2019 Vedtak/Tilråding:**

Val av kandidatar til ulike verv vert handsama vidare i neste møte.

---



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2019	Valutval	PS	29.10.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033, HistSak-15/1205	19/1025

### VAL TIL UTVAL, RÅD, NEMNDER M.M. FOR PERIODEN 2019-2023

#### Vedlegg:

Oversikt over utval,råd, nemnder m.m. i Vaksdal kommune - pr 25.10.19

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak frå rådmannen.

#### Saksopplysningar:

Valutvalet i Vaksdal har som mandat å legge fram ei innstilling for val av kandidatar til ulike politiske verv til kommunestyret i Vaksdal kommune i perioden 2019-2023.

Valutvalet vil gjennomføra fleire møter for å ferdigstille si innstilling og oversikta vil bli framlagt for kommunestyret i møte 4. november 2019.

Kommunelova kapittel 7 legg føringar for val til folkevalde organ. Organet vil tre i kraft straks medlemene er valt. Dersom det ikkje vert gjennomført val for nokre av organa, vil dei sitjande medlemene utvide si funksjonstid til det vert gjennomført nyval, men ikkje lengre enn fram til første årsskifte i ny valperiode. Det er krav til kjønnsrepresentasjon ved avtaleval for folkevalte organ. Dvs at kvart kjønn skal vere representert av organet med minst 40 %.

Alle kandidatar som skal veljast må ha skriftleg samtykka til å stille til val.

## UTVAL, NEMNDER, STYRER OG RÅD 2019- 2023

Namn	Beskrivelse/mandat	Tal kandidatar som skal veljast	Vedtekter/reglement	Type organ
<b>AO-SENTERET KF</b>	Føretaket skal tilby personar som ikkje kan få arbeid på det ordinære arbeidsmarknaden, arbeidsoppgåver som er tilpassa den einskilde si yteevne. Arbeidet i verksemda skal bidra til å utvikle ressursar hjå deltakarane gjennom kvalifisering og tilrettelagde oppgåver. Målgruppa for føretaket må kunne utføre arbeid i.h.t. føremål den yrkeshemma må ha fått tilsegn om, og ha rettigheter til uførepensjon eller andre ytingar frå NAV.	5 medlemmer og 5 varamedlemmer, valt slik: Eit medlem vert vald av og blant dei tilsette i AO-senteret. Kommunestyret skal velja 4 medlemmer, med personlege varamedlemmer. Kommunestyret vel styreleiar og nestleiar.	Vedtekter	Kommunalt føretak
<b>ADMINISTRASJONSUTVAL</b>	Behandlar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Administrasjonsutvalet er sett saman av representantar for kommunen og dei tilsette.	7 frå kommunen og 3 frå dei tilsette, valt slik: Dei tilsette sine representantar vert valt av og blant dei tilsette for to år av gongen. Kommunestyret vel kommunen sine representantar og utvalet sin leiar og nestleiar blant desse. Fleirtalet i utvalet skal bestå av representantar for kommunen. Ordførar og varaordførar er i same rekkjefølgje leiar og nestleiar	Reglement for formannskap/plan/økonomiutvalet og Administrasjonsutval	Partssamansett utval
<b>ARBEIDSMILJØUTVAL (AMU)</b>	Arbeidsmiljøutvalet skal arbeide for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegginga av verne- og miljøarbeidet i verksemda, og følge nøye med på utviklinga av arbeidsmiljøet.	8 medlemmer og 8 varamedlemmer, valt slik: 4 medlemmer frå arbeidsgjevarsida, 2 av desse skal vere politisk valde. Arbeidstakarorganisasjonane peikar ut 4 medlemmer. Funksjonstid 2 år.	Arbeidsmiljølova kap 7	Partssamansett utval
<b>BARN SINE INTERESSER I PLANLEGGINGA</b>	Kommunestyret skal sørge for å etablere ei særskilt ordning for å ivareta born og unge sine interesser i planlegging . Kommunen har et særskilt ansvar for å sikre aktiv medverking frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, mellom anna barn og unge.	(2015-2019:) 1 representant og 1 vararepresentant, valt av kommunestyret.  (oftast einingsleiar eller kommunalsjef oppvekst)	Plan- og bygningslova § 3-3 og 5-1	Anna
<b>BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD</b>	Interkommunalt samarbeidsorgan med 17 deltakarkommunar i Bergensregionen. Friluftsrådet si oppgåve er å etablere nye friluftsområde, legge til rette og halde dei ved like slik at alle kan bruke dei. Rådet samarbeider med deltakarkommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar. Medlemskommunane vel utsendingar til årsmøtet. Årsmøtet vert halden i slutten av mars kvart år.	1 representant og 1 vararepresentant.  Vaksdal kommune har ein representant med stemmerett .	Vedtekter.	Interkommunalt samarbeid

<b>BERGSDALEN JORDBRUKSFOND</b>	Statuttane § 1: «Jordbruksfondet skal vera til framhjelp og utviding av gardsbruka i Bergsdalen, til nydyrking, bureising, kulturbeite,grøfting, skogplanting, vurdsling av skog, jord, fremjing av feavlen, i det heile til å fremja jordbruket og dei næringar som stend i samband med dette»	Statuttane § 6: «Jordbruksfondet skal styrast av 5 mann, valde av kommunestyret, derav 2 frå Bergsdalen, 1 frå jordstyret ? og 2 frå heradsstyret, dessutan 3 varamenn.” ”Styret vel seg imillom formann, varaformann og kassastyrar. Funksjonstid 4 år.»	Statutter	Anna
<b>BIR BEDRIFTSFORSAMLING</b>	BIR AS er eit renovasjonsselskap eig av kommunane Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal. Eigarkommunane har tildelt BIR ansvaret med de lovpålagte oppgavene knyttet til håndtering av avfallet fra husholdningskundene som er bosatt i disse kommunene.	1 representant og 1 vararepresentant til bedriftsforsamlinga.	ordfører (varaordfører varamedlem)	Aksjeselskap
<b>BIR KLAGENEMND</b>	BIR har på einiskilde områder mynde til å gjere einiskildtvedtak. Dersom BIR avgjer å halde ved lag det opphavlege vedtaket, blir saka send over til klagenemnda i BIR. Det er ikkje råd å klage på vedtaka i klagenemnda. Medlemmene i klagenemnda er oppnemnde politisk av kommunane som eig BIR.	(2015-2019:) 1 representant		Aksjeselskap
<b>BKK</b>	Hovudaktivitetar er vasskraftproduksjon, energiomsetjing og infrastruktur til straum og fiber. BKK er eigd av Statkraft, 17 kommunar, Tysnes kraftlag og Etne Elektrisitetslag.	1 representant og 1 vararepresentant til generalforsamlinga	Ordfører (varaordfører varamedlem)	Aksjeselskap
<b>DRIFTSASSISTANSEN I HORDALAND – VANN OG AVLØP (DIHVA)</b>	«Selskapets formål er å være et kompetansesenter for vann- og avløpstjenester. Selskapet skal utføre og formidle tjenester og produkter, slik som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analysevirksomhet, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsvirksomhet. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig.»	1 representant og 1 vararepresentant til representantskapet.  Administrativ representant er valt frå kommunane	administrativ representant	IKS
<b>ELDRERÅD</b>	I kvar kommune skal det vera eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden. Eldrerådet arbeider for å styrke eldre si deltaking og medverknad på alle samfunnsområde. Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Rådet kan uttala seg om alle forslag som grip inn i levekåra for eldre i kommunen.	5 medlemmer med personlege varamedlemmer, valt slik: 2 medlemmer frå kommunestyret og 3 pensjonistar. Pensjonistlag i kommunen kan kome med framlegg til medlemmer. Pensjonistlaget vel sjølv leiar og nestleiar, som skal veljast mellom pensjonistane.	Kommunelov §5-2 KOM-001/03	Råd
<b>FONDSSTYRE FOR LANDBRUKSFONDET</b>	Fondet skal nyttast til fremjing av landbruket i kommunen. Alle næringsdrivande, lag og organisasjonar i landbruket kan få hjelp av fondet til investeringar.	Kommunestyret oppnemner eit fondsstyre på 3 personar med 3 personlege vararepresentantar for 4 år om gongen, valt slik: - ein politisk representant	Vedtekter Vaksdal Landbruksfond	Anna

	Fondsstyret skal handsama søknader som kjem inn under desse vedtektene, og skal koma med tilråding til kommunestyret som gjer vedtak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- ein representant frå landbruksnæringa</li> <li>- ein representant frå den kommunale landbruksforvaltninga.</li> </ul>		
<b>FORLIKSRAÐ</b>	Kvar kommune skal oppnemne eit utval av personar utan tilknytning til forliksrådet, som er eigna for oppgåva å opptre som fullmektig for ein part i forliksrådet og som er villige til å påta seg eit slikt verv. Det vert ikkje stillt formelle kvalifikasjonskrav til medlemmene i utvalet, men dei bør vere fylt 25 år og ha alminneleg gode norskkunnskaper (både skriftleg og munnleg) og alminneleg god samfunnsmessig kunnskap.	3 medlemmer og like mange varamedlemmer. Kommunestyret vel leiar. Faste møtefullmektigar for forliksrådet. Medlemmene i utvalet vert valde for inntil 4 år om gongen. Nye medlemmer frå 01.01.2020. Som eit minimum skal utvalet ha 3 medlemmer.	Domstollova § 57. 3  Skal veljast av kommunestyret innan 15. oktober året etter kvart kommunestyreval.	Utval
<b>FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVAL</b>	Formannskapet er på vegne av kommunestyret kommunen sitt sentrale styringsorgan, med eit særleg ansvar for økonomi- og plansaker. Det gjer i tillegg vedtak i ei rekkje saker etter fullmakt frå kommunestyret. Formannskapet har også mynde å gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna kommunalt organ, når det ikkje er tid til å innkalle dette. Formannskapet sine faste representantar og vararepresentantar skal vere faste medlemmer av kommunestyret. Møta i formannskapet vert leia av ordføraren.	7 medlemmer og antall varamedlemer ut frå antall parti/grupper som stiller liste. Ordførar og varaordførar er leiar og nestleiar	Kommunelova §5-6	Formannskap
<b>FORUM NYE BERGENSBANEN</b>	Forum Nye Bergensbanen er en interesseorganisasjon som ble dannet i 1993 med hovedformål å modernisere Bergensbanen. Medlemmer av forumet er fylkeskommunene Hordaland, Buskerud og Akershus, og kommunene Bergen, Vaksdal, Voss, Ulvik, Aurland, Hol, Ål, Gol, Nes, Flå, Ringerike, Hole og Bærum	1 representant og 1 vararepresentant.	Ordførar (varaordførar varamedlem)	Anna
<b>HEIMEVERNEMND</b>	Heimevernsnemndene vert oppretta av Heimevernet, og det skal minimum opprettast ei HV-nemnd i kvart distrikt med ein representant frå distriktsstaben og en representant frå politiet. I tillegg skal kommunen få muligheit til å stille med inntil to representantar.	Det skal veljast inntil 2 representantar med personlege varamedlemmer	Forskrift om råd, utval og nemnder i Heimevernet (heimevernsforskrifa) og Instruks for råd, utval og nemnder i Heimevernet	Utval
<b>IKTNH</b>	Interkommunalt oppgåvefelleskap om IKT-driftstenester.	1 representant og 1 vararepresentant til representantskapet  Ordførar (varaordførar varamedlem)	Vedtekter  Ordførar (varaordførar)	Kommunalt oppgåvefelleskap
<b>INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND</b>	IKAH sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i eigarkommunane vert teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og	Det skal veljast 1 medlem og 1 varamedlem til representantskapen	Selskapsavtale og retningslinjer	IKS

	gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. Lov om arkiv § 6 (arkivlova). Eigarkommunane betaler årleg inn tilskot til drifta basert på folketal. Selskapet sitt øvste organ er representantskapet der alle eigarkommunane representert. Dei vel eit styret som forvaltar selskapet og er ansvarlege for at dette vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, samt retningsliner vedteke av representantskapet. Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta av selskapet.	Administrativ representant er oftast valt frå kommunane. Ønskjeleg av faglege omsyn.		
<b>INTERKOMMUNALT UTVAL MOT AKUTT FORUREINING</b>	Formålet med samarbeidet er å ivareta deltakerkommunens lovfestede plikt til å ha en interkommunal beredskap mot akutt forurensning.	Det skal veljast 1 medlem og 1 varamedlem til årsmøtet  Ordførar og varaordførar (vara)	Skal bli del av Vest brann og redningsregion	Interkommunalt samarbeid
<b>JORDSKIFTEMEDDOMMARAR</b>	Kvar kommune skal ha eit særskilt utval for jordskiftesaker. Dei som er med i utvalet skal vere kunnige i saker jordskifteretten til vanleg har i kommunen. Jordskifterettsleiaren fastset kor mange det skal vere i utvalet for kvar kommune, jfr. § 8 i jordskiftelova. Utvalet vert vald etter reglane i domstollova om val av meddommarar, § 66. Lagrettemedlemer og meddommarar er ikkje fritekne for val til jordskifteutvalet.		Domstollova: «Valget foretas innen 1. juli året etter hvert kommunestyrevalg, og gjelder for fire år fra 1. januar det påfølgende år.»	
<b>KLAGENEMND</b>	Einskildvedtak utført av kommunen kan påklagast til ei klagenemnd i kommunen	3 medlemmer og 3 varamedlemer. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.	Forvaltningslova §28  KOM-0041/03	Utval
<b>KONFLIKTRÅD - OPPNEMNINGSUTVALET</b>	Meklere oppnevnes av et oppnevningssutvalg som består av én representant utpekt av kommunestyret eller kommunestyrene, én representant fra politiet og konfliktrådslederen.	Det skal veljast ein representant 2015: «Kommunane har tidlegare valt ulike måtar å løyse dette på. I nokre kommunar har ordførar eller rådmann fungert som representant, mens andre kommunar har valt å peike ut ein eigen representant med vararepresentant. Det er opp til kommunane å organiser val av representant til oppnemningsutvalet frå eigen kommune.»	Konfliktrådlova og konfliktrådsbehandling	Anna
<b>KONTROLLUTVAL</b>	Kontrollutvalet fører tilsyn med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegner. Kontrollutvalet har som hovudføremål å medverke til ein ålmenn tillit i befolkninga, i høve best mogleg løysing av kommunale oppgåver. Vidare at den kommunale	Det skal veljast 5 medlemmer - minst ein av medlemmene skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer. Utvalet skal veljast på det konstituerande kommunestyremøte.	Utvalet er heimla i ny kommunelov kapittel 23 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar	Utval

	oppgåveløysinga er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.			
<b>KONTROLLUTVAL FOR ALKOHOLOMSETNINGA I KOMMUNEN</b>	Oppgaven til Kontrollutvalget for alkoholomsetning er å behandle saker etter lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven), med tilhørende forskrifter	I gjeldande politisk styringssystem og delegeringsreglement er dette delegert til levekårsutvalget. Vanleg praksis i mange kommunar.		Utval
<b>KS - FYLKESMØTE</b>	«KS er en arbeidsgiver-, interesse- og rådgivningsorganisasjon, som gjennom ivaretagelse av medlemmenes interesser, skal arbeide for en effektiv og selvstendig kommunesektor som ivaretar innbyggernes behov.»	Det skal veljast to representantar med vararepresentantar. Utvalet skal veljast på det konstituerande kommunestyremøte.	Vedtekter	Anna
<b>KYRKJELEG FELLESRÅD</b>	Vaksdal kyrkjelege fellesråd består av ein representant frå kvart av sokneråda samt ein geistleg representant og ein kommunal representant. Kyrkjeverja er referent for fellesrådet.	Det skal veljast ein representant og ein vararepresentant av kommunestyret.		Anna
<b>LEVEKÅRSUTVALET</b>	Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er helse og omsorg, folkehelse, oppvekst og opplæring, og andre saker som naturleg fell innfor utvalet sitt ansvarsområde	Utvalet har 7 medlemmer og tal varamedlemmer ut frå kommunelova. Kommunestyret vel leiar og nestleiar	Retningslinjer	Utval
<b>LANDSSAMANSLUTNINGA AV VASSKRAFTKOMMUNAR (LVK) Kommunekraft</b>	«LVK organiserer kommuner som er vertsskap for vannkraftutbygging. LVK skal ivareta medlemskommunenes interesser i alle spørsmål om kraftutbygging. LVK er partipolitisk nøytraog tar ikke stilling for eller mot vannkraftutbygging.» Kvar kommune har ein stemme men samtlege delegatar har tale- og forslagsrett. Det er ordførar eller den møtedelegar frå kommunen som ordførar har gitt fullmakt som kan avgje kommunen sin stemme på landsmøtet.	Det skal veljast minimum ein representant og ein vararepresentant. Ordføraren skal veljast.	Vedtekter Ordførar	Anna
<b>MEDDOMMARAR TIL LAGMANNSRETTE</b>	Skal veljast av kommunestyret innen 1. juli året etter kvart kommunestyreval, og gjeld for fire år frå 1. januar det påfølgjande år, jfr. § 66 i domstollova.			Anna
<b>MEDDOMMARAR TIL TINGRETTE</b>	Skal veljast av kommunestyret innen 1. juli året etter kvart kommunestyreval, og gjeld for fire år frå 1. januar det påfølgjande år, jfr. § 66 i domstollova.			Anna
<b>MODALEN EKSINGEDALEN BILLAG</b>	Selskapet sitt føremål er å driva bilruter, annan transport, verksemd i denne samanheng og investering i andre selskap.	Det skal veljast ein representant og ein vararepresentant til generalforsamlinga	Nye vedtekter - mai 2019	Aksjeselskap



			Ordfører og varaordfører vart valt for 2015-2019	
<b>MYSTERFONDET FOR OPPHJELP AV VILT OG FISK</b>	(BKK)Midlane skal nyttast til konkrete tiltak for fremjing av vilt og fiske i Vaksdal kommune. Disponering av midlar skal skje med 75 % på fiske og 25 % på vilt.	Eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer oppnemnt av Vaksdal kommunestyre. Note Innlandsfiskeremnda og viltnemnd eksisterer ikkje. representant i styret og kjem med framlegg til denne samt personleg varamedlem (§ 2 i vedtektene).	Vedtekter (er ikkje oppdatert etter at innlandsfiskeremnda og viltnemnda vart lagt ned).	Anna
<b>OMBUDSUTVAL FOR KOMMUNESTYRET</b>	Utvalet skal minst ein gong i valperioden førebu rullering av, og fremje forslag til eventuelle endringar i dei ulike reglementa for politiske utval i Vaksdal kommune. Dette gjeld særskilt Godtgjerslereglement for folkevalde i Vaksdal kommune. Utvalet skal vidare sjå til at naudsynt opplæring og informasjon vert gitt dei folkevalde i	Ved byrjinga av kvar ny kommunestyreperiode vel kommunestyret blant sine medlemmer eit ombudsutval med 5 medlemmer og 3varamedlemmer	Reglement for kommunestyret punkt 20-4	Utval
<b>RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE</b>	Rådet er støttespelar og eit rådgjevande organ for kommunen i saker som vedkjem funksjonshemma sine behov og interesser. I lova er nemnt at dette m.a. gjeld saker om tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne, og tenester for folk med nedsett funksjonsevne.	Rådet skal ha 4 medlemmar. 2 av medlemmane vert valde blant medlemmane i kommunestyret, 1 vert vald etter framlegg frå Vaksdal lag for funksjonshemma og 1 representant skal representera menneske med fysisk/psykisk funksjonshemming. Det skal også veljast 4 varamedlemmar. Kommunestyret vel leiar, nestleiar og to medlemmar til rådet.	Kommunelova §5-12	Råd
<b>SAKKUNNIG NEMND FOR EIGEDOMSSKATT</b>	Kommunestyret har vedtatt kommunal taksering av eigedomar og skal med det utnemne ei sakkunnig nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn.	3 representantar skal veljast. Kommunestyret vel leiar, nestleiar og 1 medlem til nemnda.	Eigedomsskattelova § 8 A-3.(4)	Anna
<b>SAKKUNNIG ANKENEMND FOR EIGEDOMSSKATT</b>	Klagebehandling på utskriven eigedomsskatt. Klage vert avgjort av ei nemnd som kommunestyret vel, dersom ikkje kommunen tar klagen til følge	3 representantar skal veljast. Kommunestyret vel leiar, nestleiar og 1 medlem til nemnda.	Eigedomsskattelova § 20	Anna
<b>SAMARBEIDSUTVAL FOR GRUNNSKULANE</b>	«Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.	1 representant m/vararepresentant ved kvar grunnskule	Opplæringslova § 11-1	Partssammensett utval

	Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.»			
<b>SAMARBEIDSUTVAL FOR VAKSDAL KOMMUNALE BARNEHAGE</b>	«For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.»	1 representant m/vararepresentant ved kvar barnehage	Barnehagelova § 4 og vedtekter for kommunale barnehagar § 4	Partssammensett utval
<b>SKJØNSMENN</b>	Vert oppnemnde av fylkestinget etter forslag frå herreds- og byrettane og frå kommunestyra. Vert valde samtidig med val av lagrettemedlemmer og meddommere. Fylkesrådmannen set frist for innsending av forslag frå kommunane.			Anna
<b>STAMVEGUTVALET</b>	«Stamvegutvalgets arbeid er spesielt rettet mot de overordnede faglige og politiske myndigheter for å få en raskest mulig opprusting av E-16 mellom Sandvika og Bergen til stamvegstandard.» «Stamvegutvalget har 19 medlemmer bestående av de tre fylkeskommunene Hordaland, Sogn og Fjordane og Oppland, 12 kommuner langs E-16 på strekningen Bergen - Akershus grense samt 4 andre kommuner med store interesser i E-16.»	Det skal veljast ein representant og vararepresentant frå kommunen.  Ordførar og varaordførar (varamedlem)		Anna
<b>UNGDOMSRÅDET</b>	Ungdomsrådet skal handsame alle saker som er av relevant for ungdom i samsvar med eigne vedtekter for ungdomsrådet, vedteken av kommunestyret. Ungdomsrådet kan gje direkte tilråding til kommunestyret.	Til ungdomsrådet skal det veljast representantar i alderen 13 til 19 år (kan ikkje vera fylt 19 år på valtidspunktet). Talet på representantar skal vera 7 Det skal veljast ein representant frå Vaksdal, ein frå Stanghelle, ein frå Dale, ein frå Stamnes og ein frå Eidslandet/Eksingedalen. Desse vert valt for to år om gongen. Det vert såleis val kvar oktober, kor ein anten vel 2 eller 3 nye representantar. Ved første valet vert representantane frå Stangehlle og Stamnes valt kunn for eitt år, slik at den tilsikta overlappinga vert mogeleg.	Vedtekter  Kommunelov §5-2	Råd
<b>VAKSDAL NÆRINGSSKAP</b>	«Vaksdal Næringsselskap AS skal vera ein aktiv pådrivar for å gjere Vaksdal Kommune til ein attraktiv nærings- og tilflyttingskommune.»	Kommunestyret skal velja 3 medlemmer og varamedlemmer til styret som igjen vert valt på generalforsamlinga.		Aksjeselskap

<b>VAKSDAL NÆRINGS-PARK</b>	Under avvikling			
<b>VAKSDAL SENTER UTVIKLING AS OG SAMEIGE VAKSDAL SENTER (styremedlem)</b>		Kommunestyret skal velja ein representant til styret som igjen vert valt på generalforsamlinga.  Administrativt eller ordførar		Aksjeselskap
<b>VALUTVAL</b>	Valutvalet (tidlegare valnemnda) har som oppdrag å gje innstilling til val av representantar til ulike råd, utval, nemnder og liknande til kommunestyret i Vaksdal kommune.	Det skal veljast 7 medlemmer med varamedlemer jamfør kommunelova. Leiar og nestleiar vert oppnemnd av kommunestyret. Utvalet skal veljast på det konstituerande kommunestyremøte.		Utval
<b>VALSTYRET</b>	I kvar kommune skal kommunestyret velja eit valstyre med ansvaret for å gjennomføra val til storting, fylkesting og kommunestyre.	Kommunestyret skal veljast 7 medlemmer og varamedlemmer etter kommunelova. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.	Vallova	Utval
<b>RØYSTESTYRE</b>	Det skal oppnemnast eit røystestyre for kvar røystekrins på valting. Kommunestyret kan delegere utnemninga til valstyret. Dette skjer framfor kvart val.	Det skal minimum veljast 3 medlemmer med varamedlemmer	Vallova	Utval
<b>VASSREGIONUTVAL OG VASSOMRÅDEUTVAL</b>	«Statlege sektormynd og kvar kommune i vassregionen er representert i Hordaland Vassregionutval. I VRU sitt arbeidsutval er kvar sektormyndigheit og ein kommune i kvart av dei 5 vassområda representert.»	1 representant og 1 vararepresentant. Vestland fylkeskommune ber om at det er ordførar som vert valt. Sjå vedlagte skriv.		Anna
<b>VILLREINEMNDA FOR FJELLHEIMEN (Fylkesnemnd)</b>	«Villreinen i alle villreinområder med areal i to eller flere kommuner skal forvaltes av en villreinnemnd. Villreinnemndene består av ett medlem fra hver av kommunene som har areal innenfor nemndas geografiske ansvarsområde.» «Villreinnemnda skal arbeide for en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder i samsvar med naturmangfoldloven og viltloven. Videre skal villreinnemnda utføre oppgaver i samsvar med hjorteviltforskriften. Villreinnemnda har også en viktig oppgave i å uttale seg i relevante arealplansaker som berører villrein og dens leveområder.	1 representant og 1 vararepresentant, ein kvinneleg og ein mannleg kandidat til Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  «Miljødirektoratet ber kommunene om å foreslå en kvinnelig og en mannlig representant. ... Kommunen bør om mulig foreslå personer som sitter i kommunestyret eller i politisk organ med ansvar for vilt- eller arealforvaltning.»	Hjorteviltforskriften	Anna
<b>VILTFONDSTYRE (BKK sit viltfond i samband med Eksingedalsreguleringa)</b>	Interkommunalt fond som gjeld for kommunane Modalen, Vaksdal, Vik og Voss. Tilgjengeleg kapital i fondet skal nyttast til viltstelltiltak i samsvar med til ei kvar tid gjeldande plan vedtatt av styret. Styret skal samansettjast av ein representant med personleg vararepresentant frå kvar av kommunane	Kommunen oppnemner ein representant med personleg vararepresentant.	Vedtekter	Anna

<b>Vest Brann og redningsregion</b>	Formålet er å utvikle og ivareta et langsiktig faglig samarbeid mellom selvstendige brannvesen i Bergensregionen innen følgende fagområder: Brannforebyggende arbeid, Brann- og redningsberedskap, Beredskap mot akutt forurensning og Nødmeldingstjeneste (110-sentral)	1 representant og vararepresentant  Ordfører og varaordfører (varamedlem)	Årsmøte	Interkommunalt samarbeid
-------------------------------------	---	---	---------	--------------------------